



NVE

*Sendt på mail nve@nve.no*

Arkivsakid-doknr: 15/516-3  
Journalpostid: 15/5992

Saksh: Gunnhild Sandvin  
Telefon: 53 67 35 27

Arkivkode: K2 - S11  
Dato: 15.09.2015

**Melding om vedtak - uttale til søknad om konsesjon for  
Drøllstølsbekken kraftverk  
FSK 15/125 - uttale**

Eidfjord kommune er positiv til å utnytta vassressursane i kommunen. Følgjande punkt meiner kommunen må avklarast;

1. Det faktiske tilsiget i nedbørsfeltet bør vera betre dokumentert og som følgje av det er minstevassføringa lite nøyaktig fastsett.
2. Inntaket er ikkje skildra og det er ikkje skissert løysing for slipp av minstevassføring.
3. Det er ikkje omtalt om reguleringa kan få følgjer for vassdraget nedstrøms kraftverket.

Det synest å vera behov for å skille på minstevassføring sumar og vinter. Det er barmarksperioden bekken er synleg og produksjonen føregår i vassdraget.

Med venleg helsing  
Eidfjord kommune

  
Gunnhild Sandvin  
møtesekretær

Kopi til:  
Clemens Kraft AS                      Fritjof Nansens plass 6                      0160                      gjestmeidfjord  
OSLO

Kopi til arkiv og kopibok



**Offentleg**

**Uttale til søknad om konsesjon for Drøllstølbekken kraftverk**

**Dokument i saka:**

Nr	Dok.dato	Tittel
<dokID>	<dato>	<tittel>

**Vedlagt:**

**Desse har uttalt seg i saka:**

Ingen, saka har låge ute til offentlig ettersyn.

**Særutskrift skal sendast til:** NVE

**Endeleg avgjerd i:**

Formannskapet

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Eidfjord kommune er positiv til å utnytte vassressursane i kommunen. Følgjande punkt meiner kommunen må avklarast;

1. Det faktiske tilsiget i nedbørsfeltet bør vera betre dokumentert og som følgje av det er minstevassføringa lite nøyaktig fastsett.
2. Inntaket er ikkje skildra og det er ikkje skissert løysing for slipp av minstevassføring.
3. Det er ikkje omtalt om reguleringa kan få følgjer for vassdraget nedstrøms kraftverket.
4. Det synest å vera behov for å skille på minstevassføring sumar og vinter. Det er barmarksperioden bekken er synleg og produksjonen føregår i vassdraget.

**Røysting:**

Samrøystes vedteke.

**FSK 15/125 – Vedtak:**

Eidfjord kommune er positiv til å utnytte vassressursane i kommunen. Følgjande punkt meiner kommunen må avklarast;

1. Det faktiske tilsiget i nedbørsfeltet bør vera betre dokumentert og som følgje av det er minstevassføringa lite nøyaktig fastsett.
2. Inntaket er ikkje skildra og det er ikkje skissert løysing for slipp av minstevassføring.

3. Det er ikkje omtalt om reguleringa kan få følgjer for vassdraget nedstrøms kraftverket.

Det synest å vera behov for å skille på minstevassføring sumar og vinter. Det er barmarksperioden bekken er synleg og produksjonen føregår i vassdraget.

#### **Saka gjeld:**

NVE har sendte på høyring konsesjonssøknad for Drøllstølsbekken kraftverk. NVE kan gi løyve etter vassressurslova § 8. Det blir forventat at kommunar, fylkeskommunar, fylkesmenn og andre styresmakter gir fråsegn med utgangspunkt i sine høvesvise ansvarsområde. Kommunane blir spesielt bedne om å vurdere søknaden opp mot gjeldande arealplanstatus.

Drøllstølsbekken kraftverk vil nytte eit fall i Drøllstølsbekken på 175 m frå inntaket 915 moh. tilkraftstasjonen på 740 moh. Vassvegen vil gå i ei grøft på heile strekninga og blir 1600 m lang.

Det skal ikkje byggast permanente vegar, med unntak av 50 m fram til kraftstasjonen. Middelvassføringa er 1050 l/s, og kraftverket er planlagd med ein maksimal slukeevne på 2620 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 3,7 MW og gi ein årleg produksjon på 9,5 GWh. Utbygging vil føre til redusert vassføring på ei 1680 m lang strekning i Drøllstølsbekken. Det er planlagd slipp av minstevassføring på 1 l/s heile året, som er lik alminneleg lågvassføring.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) så snart som mogeleg og seinast innan 14.09.2015.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Skatteinntektene til kommunen vert marginale. Tiltaket kan vera økonomisk usikkert for tiltakshavar, spesielt no i desse tider med låge kraftprisar. Konsesjonar på under 10 MVA er evigvarande.

Kapasiteten på nettet i Sysendalen kan slik det er i dag vera avgrensande.

#### **Juridiske konsekvensar:**

NVE bed spesielt om vurdering opp mot gjeldande arealplanar. Denne søknaden omfattar areal i reguleringsplan for Fet, der det er regulert inn areal for kraftproduksjon. Utover dette planarealet er det kommuneplanen som er gjeldande med planføremålet LNF. Det vert altså for kommunen å vurdere konsesjonssøknaden sine effektar på planføremålet. Til søknaden er det utarbeida ein Konsekvensvurdering av Rådgivende Biologer AS, som dokumentasjon av biologisk mangfald og vurdering av konsekvensar ved bygging av småkraftverket.

#### **Miljømessige konsekvensar:**

Det er nokre punkt i konsesjonssøknaden me ser grunn til å kommentera/stille spørsmål ved:

##### **2.2.1 Hydrologi og tilsig**

*Feltet til det planlagte inntaket i Drøllstølsbekken er på 21,4 km<sup>2</sup>. NVEs avrenningskart 1961-90 viser et midlere årstilsig for planlagt inntak på 44 l/s/km<sup>2</sup>. Det er valgt å representere vannføringsdynamikken i elva ved bruk av data fra 50.13 Bjoreio. Bjoreio er nabofelt i øst og har samme høydefordeling som Drøllstølsbekken. Selv om Bjoreio er et vesentlig større felt, er selvreguleringen i feltet likevel relativt liten.*

*Observerte tilsig i Bjoreio 1983-2009 er på 38 l/s/km<sup>2</sup>, som er 11 % høyere enn i NVEs avrenningskart 61-90. Drøllstølsbekken er derfor oppskalert tilsvarende, noe som gir 49 l/s/km<sup>2</sup>.*

Først ein liten merknad, det er sitert til; *Observerte tilsig i Bjoreio 1983-2009 er på 38 l/s/km<sup>2</sup>, som er 11 % høgere...* reknar me på dette, bør det at rett talet vera 48 l/s/km<sup>2</sup>.

For tilsiget vert det lagt til grunn 11% auke i forhold til NVEs avrenningskart 1961-90. Dette er gjort med grunngeving i data frå nabovassdraget Bjoreio. Me spør om den registrerte auke i tilsig skuldast det forhold at Bjoreio i perioden 1961-90 vart ført vestover at og difor fekk ei auka tilrenning. Dersom dette er tilfelle er denne auke på 11% ikkje representativ for Drøllstølsbekken.

*s. 12 Drøllstølsbekken er et betydelig mindre felt enn sammenligningsstasjonene, og det er uten sjøer/vann. Feltet vil derfor ha lave vintervannføringer, og 5-persentil vinter er satt skjønnsmessig til 0,5 l/s/km<sup>2</sup>.*

Her synest det er vera nokre slutningar som er teke på «skjøn». Desse slutningane er igjen grunnlag for forslag til minstevassføring.

*s. 16 pkt 2.2.8; I perioder om vinteren og i tørre perioder ellers vil kraftverket måtte stå på grunn av hensynet til minstevannføring og nedre slukeevne i kraftverket.*

*2.4 Fordeler og ulemper ved tiltaket*

**Fordeler**

*Foreslått utbygging vil bidra med ca. 9,5 GWh fornybar og grønn energi, hvorav ca. 26 % er vinterkraft.*

Ordlyden i desse to sitat synest å vera ei motsetning og krev ei forklaring, korleis vert det 26% vinterkraft når kraftverket må stå i periodar om vinteren?

I tabell 2.5 på s. 18 er arealbehov for Rørgate inkl. anleggsvei langs trase, ført opp under Midlertidig arealbehov. På s. 16, pkt. 2.2.5 Veibygging; *det beholdes en faring som kan brukes til adkomst til inntaket med ATV eller liknende i drifts- og vedlikeholdsfasen.* Det synest rett å ta med eit permanent areal for permanent ATV bruk.

Sjølve inntaket er ikkje skildra nærare og korleis ei minstevassføring skal sikrast under alle klimatiske forhold. Utforming av inntak kan og ha betyding om kraftverket kan medføra nitrogenovermetning nedstrøms kraftstasjonen. Drøllstølsbekken er eit sidevassdrag til Bjoreio der ein kan rekna med at det er fiskevandring. Sidevassdrag kan og ha betyding for rekrutteringa til bjoreio. Avstanden frå Bjoreio opp til plassering for kraftstasjon er i overkant av 800 meter. Desse forholda ser me ikkje nemnt eller drøfta i rapporten frå Rådgivende biologer AS.

På s. 29 står det at det skal vera ei minstevassføring på 10 l/s heile året. I følgebrevet frå NVE står 11 l/s.

Det er vanskeleg av figurane i søknaden å sjå mogleg effekt av minstevassføring da bileta ikkje er teke frå same lokalitet.

**Personalmessige konsekvensar:**

Ingen kjente for kommunen.

Aud Opheim Lygre  
rådmann

sakshandsamar